

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne		15/1154

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
08/2015	Ungdomsrådet	PS	24.04.2015

## Aktuelle saker

### Saksopplysningar:

Ungdomsrådet skal ta stilling til fleire ulike saker.

- Fotgjengermønster i Frekhaug senter
- Val av komité for arrangement
- Friluftlivets år 2015
- Val av representant til kartlegging og verdisetting av friluftsområda i kommunen
- Busstilbod
- Høyringsuttale om tildeling av ålmenne kulturmiddlar for Meland kommune 2015

### Framlegg til vedtak:

Ungdomsrådet tek avgjerd til vedtak i dei enkelte sakene ved møte.

### Ungdomsrådet - 08/2015

#### UR - behandling:

##### Aktuelle saker 1 - Fotgjengermønster i Frekhaug senter

Det vart lagt fram to forslag til avstemming.

Representanten Selma Jakobsen la fram "Ungdomsrådet ber om at fotgjengermønsteret i Frekhaug senter vert tatt opp til vurdering, med nytt forhøya gangfelt mellom Rema 1000 og Meland rådhus. Fotgjengersystemet må gjerast sikkert før det skjer ei ulykke"

Representanten Sofie Eikeland la fram "Ungdomsrådet ber om tiltak for å betre informere kva Ungdomsrådet seier seg samd i tildelinga slik den ligg føre, sett bort frå dei to forslagene til endringar

for gangveg og fotgjengerovergang ein skal nytte og få folk til å nytte eksisterande fotgjengersystem og for å hindre ulykker".

Forslaget frå Selma Jakobsen falt med 3 stemmar for og 5 stemmar mot, forslaget frå Sofie Eikeland

sto med 5 stemmar for og tre stemmar mot.

#### Aktuelle saker 2 - Arrangementskomite

Meland kommune har fått tilskot og gáve for å skipe til ungdomsarrangement. Det skal velgast ein arrangementskomite. Silje Nordal, Alrik Frost og Juni Fløysand meldte seg. Leiar la fram at Silje Nordal, Alrik Frost og Juni Fløysand skal utgjere arrangementskomiteen. Framlegget vart godkjend.

#### Aktuelle saker 3 - Friluftslivets år 2015

Leiar la fram "saka vert utsatt". Framlegget vart godkjent

#### Aktuelle saker 4 - Val av representant til kartlegging og verdisetting av friluftsområda i kommunen

Ungdomsrådet kan verte spurta om å stille med éin representant i ei arbeidsgruppe for kartlegging og verdisetting av friluftsområda i kommunen. Leiar la fram at saka går til elevråda for å finne ein kandidat. Framlegget vart godkjend.

#### Aktuelle saker 5 - Busstilbod

Ungdomsrådet er bekymra for busstilboden i kommunen, særleg på kveldstid og i andre område enn Frekhaug. Ungdom er avhengig av å verte brakt og henta og har ikkje sjølv høve til å ta buss heim frå kultur- og treningstilbod på kvelder og i helgene. Leiar la fram "Ungdomsrådet ber om at det vert tatt opp å få oppretta fleire bussruter mot Vikebø og vidare nordover, særleg på kveldstid og i helgene, samt mot Moldekleiv" Framlegget vart godkjend Aktuelle saker 6 - Høyringstuttale om tildeling av ålmenne kulturmiddlar for Meland kommune 2015

Dei ålmenne kulturmiddlane skal delast ut og Ungdomsrådet er høyringsinstans. Rådet gjekk gjennom innstillinga og la fram forslag til to endringar. Meland Paintballklubb frå kr 3 000 til kr 3 300 og Husebøkrinsen Bygdelag/tilskot til forsamlingshus frå kr 20 000 til kr 25 000. Leiar la fram "Ungdomsrådet seier seg samd i tildelinga slik den ligg føre, sett bort frå dei to forslagene til endringar til Meland Paintballklubb og Husebøkrinsen Bygdelag/tilskot forsamlingshus". Framlegget vart godkjend.

#### **UR - vedtak:**

#### Aktuelle saker 1 - Fotgjengermønster i Frekhaug senter

Ungdomsrådet ber om tiltak for å betre informere kva for gangveg og fotgjengerovergang ein skal nytte og få folk til å nytte eksisterande fotgjengersystem og for å hindre ulykker

#### Aktuelle saker 2 - Fotgjengermønster i Frekhaug senter

Silje Nordal, Alrik Frost og Juni Fløysand utgjer Arrangementskomiteen i Ungdomsrådet.

#### Aktuelle saker 3 - Friluftslivets år 2015

Saka vert utsatt

Aktuelle saker 4 - Val av representant til kartlegging og verdisetting av friluftsområda i kommunen

Elevråda ved ungdomstrinna i kommunen vert spurt om å foreslå kandidatar.

Aktuelle saker 5 - Busstilbod

Ungdomsrådet ber om at det vert tatt opp å få oppretta fleire bussruter mot Vikebø og vidare nordover, særleg på kveldstid og i helgene, samt mot Moldekleiv

Aktuelle saker 6 - Høyringstuttale om tildeling av ålmenne kulturmidlar for Meland kommune 2015

Ungdomsrådet seier seg samd i tildelinga slik den ligg føre, sett bort frå dei to forslagene til endringar til Meland Paintballklubb og Husebøkrinsen Bygdelag/tilskot forsamlingshus